



HUSTADVIKA KOMMUNE
Tingplassen 1
6440 ELNESVÅGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Uttale - høyring - reguleringsplan - Hustadvika 65/65 mfl - detaljregulering for Skaret - reguleringsendring 1 - 202310

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Planforslag for detaljregulering for Skaret er sendt på høyring og lagt til offentleg ettersyn. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for permanent barnehage og 12 nye hytter i området, samt å formalisere og sikre eksisterande vassbehandlingsanlegg ved å gje dette rett arealføremål. Arealet som det er ønske om å regulere til barnehage er i gjeldande plan regulert til forretning.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging – klima

Vi har sidan 2016, då første dispensasjonssøknad vart sendt på høyring, rådd i frå etablering av barnehage på Skaret. Dette med grunnlag i eit nasjonalt miljømål om eit berekraftig utbyggingsmønster og mål om å redusere klimagassutslepp frå blant anna biltrafikk. Etablering av barnehage vil vere i strid med statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging.

I vår uttale til oppstartsvarselet rådde vi i frå barnehage på Skaret fordi lokaliseringa vil vere i strid med gjeldande areal- og klimapolitikk. Vi varsla at vi ville vurdere motsegn til eit planforslag som er strid med statlege planretningslinjer. Vi skreiv at ei lokalisering på Skaret verken vil fremje nasjonale mål om meir kompakte byar og tettstader med korte avstander til ulike gjermål i kvardagen, eller styrke sykkel og gange som transportform.

Etter dette har det kome oppdaterte statlege planretningslinjer; *Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet*. Retningslinjene skal fremme eit lågutsleppsamfunn gjennom utvikling av berekraftige, kompakte og attraktive byar og tettstader. Relevante punkt for denne saka er blant anna:

3.1 Samordnet areal- og transportplanlegging: Utbyggingsmønster og transportsystem må samordnes for å oppnå løysningar som er arealeffektive, begrenser transportbehovet og legger til rette for kollektivtransport, sykkel og gange og fortetting rundt knutepunkter. Hovedtyngden av boliger og fritidsboliger, handel, tjenester og arbeidsplass- og besøksintensive virksomheter lokaliseres i tråd med dette. Nye utbyggingsområder skal lokaliseres med tanke på å minimere transportbehovet, legge til rette for kollektivtransport, sykkel og gange og for å utnytte og ta vare på eksisterende bygningar og infrastruktur der dette finnes.

3.3 Handel og tenester: Det skal legges til rette for at handelsvirksomhet, store arbeidsplasser og publikumsrettede private og offentlige tjenestetilbud lokaliseres med god tilgjengelighet for kollektivtransport, sykkel og gange

5.1 Stedsutvikling og boligbygging: I mindre tettsteder og spredtbygde områder skal det legges til rette for å utvikle gode attraktive lokalsamfunn med tilgang til boliger og tjenester. Planleggingen bør bidra til effektiv arealbruk, å styrke og utvikle sentrumsområder og fellesarenaer. Det må vurderes hvordan bebyggelsesstruktur, enkeltbygningar, gater, kulturmiljø, grøntområder og møteplasser kan ha betydning for stedets identitet og bidra til attraktivitet og et levedyktig lokalsamfunn. Muligheten for å løse flere funksjoner og formål på samme areal eller i samme bygg bør vurderes. Det skal legges til rette for at handelsvirksomhet og andre publikumsrettede private og offentlige tjenestetilbud lokaliseres slik at de styrker sentrumsområder og sikrer innbyggerne god tilgjengelighet til lokalt handels- og tjenestetilbud.

Vi står fast ved våre tidlegare uttalar. Barnehagen blir langt unna der folk bur. Det er særleg uheldig at det ikkje er kollektivtilbod til og frå Skaret, slik at all transport blir bilkøying. Dette vil ekskludere nokre familiar frå tilbodet.

Barnehagar er ikkje ein funksjon som bør leggest til slike område. Skaret har store friluftsverdiar, og vi har forståing for at barnehagen ser verdien at ungane kan nytte dette området mens dei er i barnehagen. Det finst likevel friluftsområde nærare tettstadene som også kan gje barna slike opplevingar og læring.

Formildande for etableringa er at barnehagen ligg nært areal med mange arbeidsplassar og at storleiken på barnehagen er avgrensa. Lokalisering av barnehage nærare bustadområda i Molde og i Hustadvika ville uansett ha vore ei betre løysing som ikkje ville kome i konflikt med dei statlege planretningslinjene.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Vi ser kommunen har avdekkja mogleg flaumfare langs Skarvatnet, og det er teikna inn byggegrense mot vatnet som skal sikre planlagt utbygging mot flaumfaren. Vi kan ikkje sjå at byggegrensa langs vatnet samsvarar med aktsemdskartet for flaum. Truleg har kommunen teke utgangspunkt i ein eldre versjon av aktsemdskartet.

Kommunen må oppdatere ROS-analysen med sist oppdatert aktsemdskart, og vurdere kva konsekvensar denne nye kunnskapen kan få for planlagt utbygging. Til dømes ved å justere

byggegrensene i samsvar med nytt aktsemdskart. Statsforvaltaren vil elles oppmode kommunen å nytte omsynssone med tilhøyrande planføresegner for å synleggjere avdekka fare i plankartet.

Konklusjon

Barnehage på Skaret er i konflikt med føringane i *Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet* og vi rår sterkt ifrå etablering i tråd med planforslaget. Det er særleg uheldig at det ikkje er kollektivtilbod til og frå Skaret.

ROS-analysen må oppdaterast med oppdatert aktsemdskart og vurdering av kva konsekvensar denne nye kunnskapen kan få for planlagt utbygging.

Vi viser elles til merknadene over og ber om at dei vert tekne omsyn til.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
underdirektør plan og klima

Jorunn Mittet Eriksen
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 24 84 15

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE) REGION VEST	Naustdalsvegen 1B	6800	FØRDE
MATTILSYNET	Felles postmottak Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
STATENS VEGVESEN	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER